



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Kommunestyret		

Søknad om fritak frå politiske verv - Krisine Reinsviki

Vedlegg

- 1 Søknad om fritak frå politiske verv - ungdomsrådet

Dokument i saka

- [Kommunelova](#)
- [Ungdomsråd](#) – regjeringen.no
- [Rettleiar for ungdomsråd](#) (Bufdir)

Bakgrunn

Kristine Reinsviki søker om fritak frå sine politiske verv. Ho er fast medlem av ungdomsrådet.

Reinsviki grunngjev søknaden sin med at vervet blir vanskeleg å skjøtte fordi ho startar på den vidaregåande skulen i Bø.

Vurdering

I [kommunelovas § 7-9](#), 2. avsnitt, står det at dersom ein folkevald ikkje kan ivareta vervet sitt utan at det fører til vesentleg ulempe for hen, kan kommunestyret etter søknad frita den folkevalde frå vervet midlertidig eller for resten av valperioden. Når søknaden skal bli vurdert, skal det bli lagt vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet då den folkevalde samtykka til å bli vald.

Ein folkevald som har fått midlertidig fritak, har ikkje rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over.

Når det gjeld nyval til eit utval seier [Kommunelovas § 7-10](#), at dersom eit medlem av eit anna folkevald organ enn kommunestyret trer endeleg ut, skal det bli vald eitt nytt medlem eller varamedlem. Den nye medlemen skal bli vald frå den sama gruppa som den medlemen som gjeng ut, tilhørde. Dersom dette vil føre til at eitt kjønn vil bli

representert med mindre enn 40 prosent av medlemmane i organet, skal det, dersom det er mogleg, bli vald eit nytt medlem frå det underrepresenterte kjønn.

I Bufdirs rettleiar for ungdomsråd står det at i utgangspunktet så kan alle som er ungdom bli foreslått som medlem av rådet.

Det er kommunestyret som vel medlemne til rådet. Kommunestyret tek utgangspunkt i dei personane som er foreslått gjennom rekrutteringsprosessen, men kan også velje andre personar. Kommunestyret må tenke over samansettinga i rådet, og kva ting dei må eller ikkje treng å ta omsyn til.

Val til ungdomsrådet

Kommunelova seier at personane som blir valde skal representerer ungdom i kommunen, og dei kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

Som folkevald organ må ungdomsrådet også ta omsyn til kravet i kommunelova om kjønnsbalanse. Begge kjønn skal vere representert med minimum 40 prosent dersom rådet skal bestå av fire medlemmar eller fleire. Dersom det berre er to eller tre medlemmar, skal bae kjønn vere representert.

Det er ikkje krav om å vere folkeregistrert som busett i kommunen eller i ein av kommunane i fylket for å sitte i ungdomsrådet. Dette inneber blant anna at ein person som bur i ein kommune, men går på vidaregåande skule i ein annan kommune, kan veljast til ungdomsråd i kommunen kor personen går på skule.

Ungdomsrådet bør vere breitt samansett og bestå av personar med ulik erfaring og bakgrunn. Eksempel på dette kan vere ungdom med funksjonsnedsettingar eller minoritetsbakgrunn. I tillegg bør ein ta omsyn til geografisk spreing. Dette gjeld spesielt for fylkeskommunale ungdomsråd og kommunale ungdomsråd i store kommunar.

Det blir ikkje stilt krav om eit bestemt tal på medlemmar, men rådet må ha tilstrekkeleg mange medlemmar til at dei kan gjere dei oppgåvene dei har som rådgjevande organ. Talet på medlemmar i rådet vil variere noko frå kommune til kommune, der små kommunar kanskje har færre medlemmar, mens større kommunar har fleire medlemmar i ungdomsrådet. Det er kommunestyret som avgjer kor mange medlemmar rådet skal ha.

Organisasjonane som fremjar forslag om medlemmar bør også foreslå kor mange medlemmar som er ynskeleg og kvifor.

I Vinje kommune er det ungdoms- og fritidsleiaren, saman med skulane, som har gjennomført rekrutteringsprosessen til ungdomsrådet.

Det sittande ungdomsrådet er valde for perioden 2024 – 2026.

Rauland skule	
Åmund Frantzen (8.kl)	Vara 1: Ånund Bitustøyl Lien (10.kl)
Sunniva Tjønn Jacobsen (9.kl)	Vara 2: Endre Bjerk Breiseth (8.kl)
Rebecca Bjørnø (10.kl)	Vara 3: Torjus Svalastog Draugedal (9.kl)

Edland skule	
Selma Louise Tveiten Eikeland (8.kl)	Vara 1: Sofie Vågslid (9.kl)
Kristine Reinsviki (9.kl)	Vara 2: Veslemøy Kvåmme (9.kl)
Åmot skule	
Emma Bråstøyl (10. kl)	Vara 1: Einar Høgetveit Teigen (8. kl)
Trym-Olav Odden Nevestveit (9. kl)	Vara 2: Ylvali L. Skarprud (9. kl)
Representantar frå 16-18 år	
Margit Kostveit (17 år)	Vara 1: Ingebjørg Skolås (17 år)
Thea Elida Aksvik Wienenga (17 år)	Vara 2: Guri Geiskelid Fjell (16 år)
Tarjei Vesaas Tveito (16 år)	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kristine Reinsviki får fritak frå sine politiske verv, jf. Kommunelovas § 7-9.

Ungdoms- og fritidsleiaren får ansvar for å finne eit nytt medlem til Ungdomsrådet snarast råd.

Eventuelt eit nytt varamedlem ved opprykk av vara.